

Trafikktryggleiksutvalet
Statens Vegvesen
c/o Johannes Tubbene
6863 Leikanger
Sogndal, 11.10.18

TRAFIKKTRYGGLEIKSKAMPANJE 2019

NFF Sogn og Fjordane har også i 2018 gjennomført mange tiltak innan trafikktryggleik. Tiltaka er ei fin blanding mellom PR, enkelttiltak og varig haldningsskapande arbeid i klubb.

NFF Sogn og Fjordane sin fylkesomfattande aktivitet og store medlemsmasse gjev samarbeidet med FTU ei stor eksponeringsflate. I trekanten skule-heim- og fritid, er fotball for mange den viktigaste fritidsaktiviteten. Gode og førebyggjande tiltak er difor viktig. NFF Sogn og Fjordane ønskjer å vidareføre det gode samarbeidet med FTU.

Vi vil særleg framheve arbeidet blant born på miniputt turneringane (500 lag, 32 turneringar fordelt på 2 søndagar vår og 2 søndagar haust). Miniputt turneringane har alltid fokus på trygg parkering og trafikktryggleikstiltak/konkurransar. I 2019 vil vi vurdere å gje ein bonus til arrangørar som får til samarbeid med politi og lensmenn.

Vi må også nemne at vi neste år skal profilere oss på 4 OBOS/Tippeligakampar med storskjerm framsyning (bruk bilbelte og køyr varsamt).

Vi ber dykk også legge merke til alle eksponeringsflatene, der vi informerer om trafikk tryggleik og beredskap. Vi snakkar om langt over 1000 klubbleiarar i året. I høve det ber vi i søknaden om stønad til å få lage banner, roll ups og å fornye malar for storskjerm og framsyning.

NFF Sogn og Fjordane har også ei utviklingsavtale med fylke, der vi jobbar med andre element som styrker den total tryggleikstenkinga. Vi nemner Trygg fotball og tema som politiattest til tillitsvalde, beredskapsplanar, fair play, inkludering, alkovett, kamp mot doping, homohets, osv. Viktig at FTU ser at trafikktrygging og måtehald/rusarbeid er ein del av ei større heilskapstenking i vårt arbeid.

I 2014 starta NFF opp «kvalitetsklubbprosjektet». Det er eit UEFA inspirert kvalitetssystem, som sertifiserer breiddeklubar ut frå ulike kvalitetskriterier. I Sogn og Fjordane er no 15 klubbar med på ulike nivå i prosessen. Sandane T og IL, Vik IL, Førde IL, Stryn T og IL, IL Jotun og Kaupanger vart sertifisert som Trafikksikker klubb i 2016-2017. Eid er ferdig med arbeidet, men manglar sertifiseringsmøte. Syril, Bjørn og Dale er nye klubbar blinka ut i 2019.

Vi ønskjer også i 2019, som ein del av sertifiseringspakken, å betale ut kr. 5000,- pr klubb som når Kvalitetsklubb Nivå 1 og som også er sertifisert som Trafikksikker klubb.

Det arbeidet vil vi gjennomføre i lag med Audun Heggstad i Trygg Trafikk. Det medfører at avtala får ein større og tyngre dimensjon, etter kvart som nye klubbar blir sertifisert og sluttar seg til arbeidet.

Eit morosamt tiltak i 2017 og 2018, var streaming av Innandørs KM på Sandane. Vi brukte Sogndal VGS si medialinje, og køyrte eit veldig proff direktesending frå finalane på Sandane. Tiltaket vart veldig populært og over 8000 var inn og såg, Her la vi ut reklame og hadde livesending, også med trafikktryggleik som tema. Sandane T og IL gjer ein stor jobb, som teknisk arrangør. Vi skal gjennomføre tiltaket også i 2019, sjølv om kostnadsramma er stor.

NFF Sogn og Fjordane ønskjer elles å følgje opp avtalepunkta etter beste evne. De ser at vedlagde aktivitetsplan for 2019 også er variert og omfattande.

SØKNAD

Ut frå vedlagt aktivitetsplan vil NFF Sogn og Fjordane søkje FTU om **driftsstønad på 89 000** kroner i 2019.

Driftsstønaden skal dekkje arbeid, reise, materiell internett profilering, reklame på utstyr, utsending og ikkje minst kostnadar ved reise og deltaking på ulike tiltak og arrangement.

Av desse midlande betalar vi ut 5000 pr. klubb som blir sertifisert til Nivå 1 i kvalitets klubbprosjektet, og som har trafikktrygging i sine basisstatuttar. Vi vil også gje stønad på 1000 kr. til Kongleriket arrangørar, som får politiet til å stille opp på arrangementa med kontroll eller PR tiltak. I tillegg vil vi bruke litt midlar på nye banner, roll-ups og presentasjonar.

Med vennleg helsing

NFF Sogn og Fjordane

Svein Olav Myklebust

Dagleg leiar

Robert Endestad

Styreleiar

BUDSJETT SAMARBEIDSPROSJEKT		2019		ARBEID, NFF, Sogn og Fjordane		ARBEID AVTALEPARTNARAR		STATUS	
TID	STAD	AKTIVITET	PRIS FTU	ARBEID, NFF, Sogn og Fjordane	ARBEID AVTALEPARTNARAR	STATUS	STATUS	STATUS	STATUS
GENER.									
2019	Kor	Generell profilering	10 000,00	Innplassere logoar+ omtale, Konvolutter, brevark osv.	FTU/TT, Oversende eventuelt nye logoar				
23.-24.nov	Førde	Heimeside, facebook, kurs, samlingar			Beredskapsplan/trafikktrygge klubbar				
Februar	Eid	Kretsting	2 000,00	Storsjermframvising	Beredskapsplan/trafikktrygge klubbar				
Februar	Førde	Oppmannsmøter, informasjon		Kalle inn/leie møte. Storsjermvising	Beredskapsplan/trafikktrygge klubbar				
Februar	Sogndal	Oppmannsmøter, informasjon		Kalle inn/leie møte. Storsjermvising	Beredskapsplan/trafikktrygge klubbar				
Vår	Fylket	Miniputtbrosjyre	2 000,00	Lage til folder i 2000 eks. distribusjon	FTU, Avtalt på koordineringsmøte				
April	Skei Hotel	Miniputt kick off Skei-nasjonal føredragshaltar		Informasjon	Trafikktrygging i miniputt fotballen/frukt og grønt osv				
Vår	Sogndal	Obos/Tippeliga, Sogndal-?	2 000,00	Storsjermannonse	Trafikktrygging				
Haut	Sogndal	Obos/Tippeliga, Sogndal-?	2 000,00	Storsjermannonse	Trafikktrygging				
BORN									
05.mai	Fylket	Runde 1 Kongleriket	18 000,00	Fokus på parkering/køyring/speaker/vestel	NFF Sogn og Fjordane				
16.jun	Fylket	Runde 2 Kongleriket		Fokus på parkering/køyring/speaker/vestel	NFF Sogn og Fjordane				
01.sep	Fylket	Runde 3 Kongleriket		Fokus på parkering/køyring/speaker/vestel	NFF Sogn og Fjordane				
22.sep	Fylket	Runde 4. Kongleriket-Hovudfokus		Utdeling av refleks på utvalgte arrangement	FTU/TT bidreg med materiell etc				
22.sep	Fylket	Trafikk-konkurransse "Trafikksikre miniputtar"	6000	Premiar til konkurransse	Fotokonkurransse og rapport på trafikktrygging i fotballkvardagen				
		8 arrangement pr runde, 520 lag		Kretsrepresentantar tilstades	Fokus på parkering, bruk av bilbelte				
UNGDOM									
02.-03.02	?	Kvalifisering Innand. KM-alderstast	8 000,00	Høgtalarannonsering, parkering	NFF Sogn og Fj. FTU				
02.-03.02	?	Kvalifisering Innand. KM-alderstast		Retningslinjer ved køyring	NFF Sogn og Fj. FTU				
02.-03.02	Førde IL	Kvalifisering Innand. KM-alderstast			NFF Sogn og Fj. FTU				
02.-03.02	?	Kvalifisering Innand. KM-alderstast			NFF Sogn og Fj. FTU				
02.-02.03	Sandane	Finalar Innandørs KM. Arrangør: STIL	4 000,00	Høgtalarannonsering, parkering	NFF Sogn og Fj. FTU				
Vinter 2018	Fylke	Fotballskular-ny logo i år	6 000,00	Trykk på 200 Genserar (0-0 logo blir skiftet)	NFF Sogn og Fj. FTU				
KLUBB									
2018	Fylket	2 Nye Kvalitetsklubber	15 000,00	5000 pr. klubb, som er sertifisert Traf. Klub Trafikksikker klubb	Sertifisert: Sandane, Vik, Førde, Jotun, Styn, Kaupanger, Eid				
VAKSNE									
07.des	Gløppen	KM Futsal Innandørs, senior, arr. STIL	6 000,00	Høgtalarannonse, parkering, vakter	NFF Sogn og Fj. FTU				
				Streaming med reklame-8000 klikk					
Ønske									
Profiltstyr		Banner, roll up, reklame stadion etc	8 000,00	Utarbeiding i lag med Trygg FTU	Framskaffe materiell/autorisering				
Refleks		Eit volum med refleks til utdeling							
TOTAL SØKNADSSI			2019 kr						
			2019						
			89 000,00						

INNVLGA STØNADSBELØP